



STRYN KOMMUNE

Godkjent av kommunestyret

01.07.2016



# KOMMUNEDELPLAN

## Rusmiddelpolitisk handlingsplan

## Innhold:

<b>1.</b>	<b>Innleiing</b>	<b>side</b>	<b>3</b>
<b>2.</b>	<b>Grunnlaget for rusmiddelpolitikken</b>	<b>"</b>	<b>3</b>
	<b>2.1 Lovgrunnlaget</b>	<b>"</b>	<b>3</b>
	<b>2.2 Styrande dokument</b>	<b>"</b>	<b>4</b>
<b>3.</b>	<b>Rusmiddelsituasjonen</b>	<b>"</b>	<b>5</b>
	<b>3.1 Rusmiddelsituasjonen i landet</b>	<b>"</b>	<b>5</b>
	<b>3.2 Rusmiddelsituasjonen lokalt</b>	<b>"</b>	<b>7</b>
	<b>3.3 Oversikt over sals- og skjenkløyve per januar 2012</b>	<b>"</b>	<b>11</b>
<b>4.</b>	<b>Målsettingar for Stryn kommune sin rusmiddelpolitikk</b>	<b>"</b>	<b>12</b>
<b>5.</b>	<b>Strategiar for å nå måla</b>	<b>"</b>	<b>13</b>
<b>6.</b>	<b>Tiltak</b>	<b>"</b>	<b>13</b>
	<b>6.1 Informasjon og haldningsskapande tiltak</b>	<b>"</b>	<b>13</b>
	<b>6.2 Rusfrie miljøtiltak</b>	<b>"</b>	<b>14</b>
	<b>6.3 Andre tiltak</b>	<b>"</b>	<b>14</b>
<b>7.</b>	<b>Løyvepolitikken</b>	<b>"</b>	<b>15</b>
<b>8.</b>	<b>Planen sin økonomiske konsekvensar</b>	<b>"</b>	<b>16</b>
<b>9.</b>	<b>Evaluering og rullering av planen</b>	<b>"</b>	<b>17</b>
<b>10.</b>	<b>Definisjon av alkoholhaldig drikk</b>	<b>"</b>	<b>17</b>
<b>11.</b>	<b>Retningsliner for sals- og skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i Stryn kommune 2016 - 2020</b>	<b>"</b>	<b>18</b>
	<b>11.1 Søknad om løyve</b>	<b>"</b>	<b>18</b>
	<b>11.2 Sal av alkohol gruppe 1 til forbrukar</b>	<b>"</b>	<b>19</b>
	<b>11.3 Salsløyve til AS Vinmonopolet</b>	<b>"</b>	<b>19</b>
	<b>11.4 Skjenkeløyve</b>	<b>"</b>	<b>20</b>
	<b>11.5 Skjenketider for alkoholhaldig drikk</b>	<b>"</b>	<b>21</b>
	<b>11.6 Ambulerande løyve til slutta lag</b>	<b>"</b>	<b>21</b>
	<b>11.7 Skjenkeløyve for einskilt høve</b>	<b>"</b>	<b>22</b>
	<b>11.8 Delegasjon</b>	<b>"</b>	<b>23</b>
	<b>11.9 Avgifter</b>	<b>"</b>	<b>23</b>
	<b>11.10 Kontroll</b>	<b>"</b>	<b>24</b>
	<b>11.11 Reaksjon ved brot på alkohollova sine reglar m.m.</b>	<b>"</b>	<b>24</b>
<b>12</b>	<b>Retningsliner for kontroll med sals- og skjenkeløyve</b>	<b>"</b>	<b>24</b>
<b>13.</b>	<b>Retningsliner for reaksjon ved overtreding av reglane</b>	<b>"</b>	<b>25</b>

# 1. INNLEIING

Dette er ei revidering av Stryn kommune sin Rusmiddelpolitiske handlingsplan for perioden 2012 – 2016 som vart vedteken av kommunestyre den 28.03.12 med endring 27.06.12.

Etter § 1-7d i alkohollova er kommunen pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan. Denne skal rullerast kvar kommunestyreperiode slik at det sitjande kommunestyret i 4-års-perioden kan styre den kommunale alkoholpolitikken med retningsliner for løyvetildeling, førebyggjande innsats og ressursar for oppfølging av personar med rusproblem.

Det har ved annonsering og brev til aktuelle organ (faginstansar, politi, politiske partigrupper, frivillige organisasjonar og næringsorganisasjonar m.m.) vore invitert til å kome med innspel til planarbeidet. Helse- og sosialutvalet har vore planutval og revidert plan har vore ute på høyring før endeleg handsaming i helse- og sosialutval, formannskap og kommunestyre.

Det har denne gongen kome relativt få innspel til revidering av planen.

Fordi strategi og tiltak er mykje dei same, uavhengig av type rusmiddel, rår departementet til at kommunane utarbeider ein heilskapleg rusmiddelpolitisk plan og departementet har utarbeidd ein rettleiande mal for formålet (IS-1362).

## 2. GRUNNLAGET FOR RUSMIDDELPOLITIKKEN

### 2.1 Lovgrunnlaget

Lovverket pålegg kommunen å løyse ei mengd oppgåver på rusmiddelfeltet. Dei viktigaste lovene er:

- lov av 02.06.89, nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.
- lov av 24.06.11, om kommunale helse- og omsorgstenester m.m.
- lov av 24.06.11, om folkehelsearbeid

Alkohollova av 2.juni 1989 med siste endring i 2016, regulerer all import og omsetnad av alkoholholdig drikk. Lova slår fast at alkohol er ei lovleg vare. Formålet med lova er i størst mogeleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Avgrensing av forbruket er difor ei av målsettingane og kommunane vert oppmoda om å ha lova sitt formål i tankane ved utforming av den totale kommunale alkoholpolitikken.

Lov om kommunale helse- og omsorgstenester stiller krav om generell førebyggjande verksemd frå kommunen si side ved å gjere seg kjent med levekåra i kommunen, vise særleg merksemd til utviklingstrekk som skaper eller opprettheld sosiale problem, og søkje å førebyggje desse. Folkehelselova har som formål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. Lova seier at kommunen skal setje i verk naudsynnte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar knytt til oppvekst og levekår inklusiv alkohol- og rusmiddelbruk.

Gjennom informasjon og oppsøkjande verksemd skal kommunen arbeide for å førebyggje og motverke misbruk av alkohol og andre rusmiddel, og spreie kunnskap om skadeverknader ved slik bruk. Helse- og sosialtenesta er også pålagt kurativ verksemd overfor rusmisbrukarar og hjelp til pårørande. Personar med rusproblem som treng langvarige og koordinerte tenester, har rett til individuell plan.

I Stryn er balansering mellom næringslivsinteresser og sosiale og helsemessige omsyn særskilt store, jfr. m.a. stor turistnæring

## 2.2 Styrande dokument

- Veileder for rusmiddelpolitisk handlingsplan, IS- 1362
- Opptrappingsplan for rusfeltet 2007 – 2012 (st.prp. 1 (2011-2012))
- Nasjonale mål og prioriterte områder for 2015, IS-1/ 2015
- St.meld.16 (2010-2011): Nasjonal helse-og omsorgsplan 2011-2015 (om tenester til rusmiddelavhengige)
- Håndbok i alkoholloven m.v. – Rundskriv IS-5/2008
- St.meld. 26 (2014-2015): Fremtidens primærhelsetjeneste – nærhet og helhet
- Prop. 15S: Opptrappingsplan for rusfeltet (2016-2020)

Helse- og omsorgsdepartementet uttaler fylgjande:

*«Kommunene er den viktigste aktøren i det rusmiddelforebyggende arbeidet. Det er fortsatt behov for å styrke kunnskap på lokalt nivå om effektive forebyggingsstrategier, og for å øke forståelsen for å se rusmiddelpolitiske tiltak i sammenheng. Det rusforebyggende arbeidet i kommunene må utfylle øvrig forebyggende arbeid og ses i sammenheng med det generelle folkehelsearbeidet. Det er fortsatt store utfordringer i å styrke folkehelseperspektivet i kommunenes forvaltning av alkohollovgivningen. Selv om mange kommuner nå har utviklet helhetlige rusmiddelpolitiske planer, er det mangler i gjennomføringen av intensjonene i planene.»*

Målsettingane i Opptrappingsplanen for rusfeltet (St.prp. 1) står fast. Der heiter det at regjeringa sin politikk på rusfeltet har som overordna mål å redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk har for einskildpersonar og for samfunnet.

I Primærhelsemeldinga er følgjande overordna mål trekt fram for rusmiddelpolitikken:

- Avgrense forbruket av alkohol og narkotika fordi eit avgrensa forbruk vil gje reduserte skader

Vidare vert det lagt vekt på:

- Heilskapleg perspektiv
- Førebygging
- Tidlege innsats
- Hjelp og behandling
- Pårørande – og tredjepart-fokus

Nasjonale mål og hovudprioriteringar for 2015 syner at regjeringa har psykisk helse og rus som eit nytt og forsterka innsatsområde.

- Styrke arbeidet med å avgrense skadeverknadene av alkohol og andre rusmiddel, gjennom førebyggjande arbeid, forvaltning av alkohollova og tidleg intervensjon.
- Forsterka innsats overfor menneske med rusmiddelproblem, tilgjengelege og tilpassa tenestetilbod

Opptrappingsplanen for rusfeltet har følgjande 5 hovudmål:

- Sikre reell brukarmedverknad
- Sikre at personar som står i fare for å utvikle eit rusproblem vert fanga opp og får tidleg hjelp
- Alle skal møte eit tilgjengeleg, variert og heilskapleg tenesteapparat
- Alle skal ha ein aktiv og meningsfylt tilvære
- Utvikle og auke bruken av alternative straffereaksjonar og former for straffegjennomføring.

Etter ein generell gjennomgang av alkohollova med ein del endringar i 2005, vart det utarbeidd ei «Håndbok i alkoholloven m.v. – Rundskriv IS-5/2008».

Der finn ein:

- Del I Lov av 2. juni 1989 nr 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.
- Del II Merknader til loven.
- Del III Forskrifter til lov om 2. juni 1989 nr 27 om omsetning av alkoholholdig drikk m.v.
- Del IV Merknader til forskrift

Dette er eit godt oppslagsverk og arbeidsverktøy for kommunen som løyvemynde. Det vert også oppmoda om at sals- og skjenkenæringa nyttar rundskrivet aktivt for å orientere seg i regelverket.

### 3. RUSMIDDELSITUASJONEN

I flg. WHO er Europa den regionen som har det høgaste forbruket av alkohol og det høgaste skadenivået av alle versdelar. Alkohol er den tredje viktigaste årsaka til sjukdom og for tidleg død i Europaregionen, og den femte viktigast årsaken globalt.

#### 3.1. Rusmiddelsituasjonen i landet

Folkhelseinstituttet tidlegare SIRUS (Statens institutt for rusmiddelforskning) sine statistikkar syner utviklinga av rusmiddelbruken i landet. Tala nedanfor er henta frå RusStat som er rusmiddel statistikk utarbeidd av SIRUS. Sjå internett <http://www.sirus.no/statistikk>

##### Alkohol:

Det er viktig å merke seg at tala nedanfor gjeld registrert omsetnad av alkohol inkludert lettøl. Det uregistrerte forbruket i form av heimeprodusert vare, turistimport og smuglarvarer er ikkje med.

**Den årlege omsetnaden av alkohol i Noreg, per innbyggjar som er 15 år og meir, målt i rein liter alkohol og prosent endring i omsetnad 1980-2014:**

År	Omsetnad	% endring
1980	5,98	-
1990	4,99	-16,6
2000	5,66	-5,4
2010	6,59	+10,2
2012	6,21	+3,8
2014	6,06	+1,3

Tabellen syner i kva grad Noreg har klart å nå målet om reduksjon i alkoholforbruket når det gjeld legal omsetning i landet. Etter ein jamn nedgang frå 1980 til 1993 har omsetnaden auka igjen slik at det i 2010 er 10,2 % poeng over status i 1980. Åra 2010 – 2014 viser ein nedgang igjen, jfr. omsetnad i 2014 som ikkje er mykje høgare enn den var i 1980.

**Årleg omsetnad av alkohol i Noreg per innbyggjar 15 år og eldre i liter rein alkohol:**

År	Totalt	Gruppe 1 Brennevin	Gruppe 2 (Vin)	Gruppe 1 (Øl)	Fruktdrikk/ Rusbrus
1980	5,98	2,46	0,75	2,77	-
1990	4,99	1,24	0,95	2,81	-
2000	5,66	1,05	1,62	2,93	0,07
2010	6,59	1,29	2,29	2,91	0,14
2014	6,06	1,04	2,25	2,62	0,15

Som det går fram har omsetnaden endra seg med sterk reduksjon av brennevin og auke av vin, øl varierer litt men er nokon lunde stabilt. Fordi tala er omrekna til rein alkohol har omsetnaden av liter vin auka mykje ettersom volumprosent alkohol er lågare. Forbruket av vin syner sterk auke med ei lita utjamning i 2014.

Alkoholhaldige fruktdrikkar (rusbrus) har auka frå dei kom på marknaden i 1996, men utgjer ein svært liten del av det samla alkoholforbruket.

#### Årleg omsetnad av alkohol i Noreg i 1.000 vareliter

År	Brennevin	Vin	Øl	Fruktdr/Rusbrus
1980	18.376	17.979	196.097	-
1990	10.384	27.231	221.753	-
2000	9.578	48.762	232.676	5.295
2010	12.587	72.900	255.877	11.618
2013	11.506	76.604	244.980	13.013

Tala illustrerer den store auken i omsetnad på vin.

#### Talet på salsstadar for øl og talet på vinmonopolutsal 1995-2013 i landet:

År	Butikk	Vinmonopolutsal
1995	4.524	112
2000	4.413	140
2010	4.176	259
2013	4.172	288

Reduksjon i talet på verksemder som sel øl, har truleg mest samanheng med sentralisering av daglevarehandelen.

#### Talet på skjenkestader med kommunale kombinasjonsløyve 1980 – 2013:

År	Totalt
1980	2.439
1990	4.574
2000	6.355
2010	7.376
2013	7.399

I 2011 var det ingen av dei 430 kommunane i landet som ikkje hadde utsalsstader for alkohol og det var berre 4 kommune som ikkje hadde skjenkestad. Ingen kommune stod utan nokon form for løyve.

#### Dødsfall som har si årsak i alkohol i perioden frå 1996-2014:

År	Menn	Kvinner	Totalt
1996	356	87	443
2000	303	98	401
2005	269	78	347
2010	317	97	414
2014	239	81	320

Det er om lag 4 gonger så mange menn som kvinner som vert råka og aldersgruppa mellom 45 og 74 år er mest utsett. Dei siste åra har talet gått ned.

**Talet på reaksjonar ved køyring under påverknad av alkohol og/eller andre rusmiddel og prosent av alle reaksjonar ved brot på trafikklova:**

År	Vegtrafikklovbrot	Promillekøyring	%
1980	102.741	6.372	6,2
1990	152.433	7.402	4,9
2000	156.795	3.901	2,5
2010	265.583	4.318	1,6
2012	247.703	3.871	1,6

Med atterhald om at påverknad av andre rusmiddel kan vere vanskeleg å avdekkje, syner tala at synkende del av lovbrot i trafikken skuldast rusmiddel.

**Tal på reaksjonar på køyring i rusa tilstand:**

År	Sogn og Fjordane	Heile landet
1995	121	5.614
2000	101	3.901
2010	96	4.318
2011	76	3.824

Tala syner gledeleg utvikling i fylket. (SSB har ikkje tal etter 2011)

**Dødsfall som har si årsak i bruk av narkotika (SSB):**

År	Oslo / Akershus	Heile landet
1996	106	204
2000	133	374
2010	74	248
2014	71	265

Misbruk av vanedannande legemiddel kan og vere eit problem, og då kanskje særleg kombinasjonsmisbruket. Statlege mynde er opptekne av feltet og har ulike tiltak på gang ilag med m.a. Legeforeningen og Apotekerforeningen.

Forsking syner at ein bør sjå bruk av alkohol og narkotika i samanheng, m.a fordi tidleg alkoholdebut aukar risikoen for bruk av narkotika.

### 3.2. Rusmiddelsituasjonen lokalt

Det er i 2015 laga eit «Kunnskapsdokument for folkehelse» jfr KS- 178/15 som m.a. har med litt informasjon om alkoholbruk blant ungdom i Stryn kommune samanlikna med andre kommunar i Sogn og Fjordane.

## Alkohol:

Alkoholbruk blant ungdom i grunnskulealder

år			2011	2013
geo	alder	kjønn		
Norge (HBSC Hemil Norge 2009/2010)	13år (8.klasse)	Gutar	4	-
		Jenter	4	-
	15år (10.klasse)	Gutar	-	-
		Jenter	-	-
<u>Sogn og Fjordane</u>	13år (8.klasse)	Gutar	1	1
		Jenter	1	1
	15år (10.klasse)	Gutar	-	12
		Jenter	-	12
Stryn	13år (8.klasse)	Gutar	0	0
		Jenter	0	3
	15år (10.klasse)	Gutar	-	6
		Jenter	-	7

Tabell: Prosentdel som har drukke seg full to gongar eller meir, 8. og 10. trinn

(Kjelde: Ungdomsundersøkinga i Sogn og Fjordane, 2011 og 2013)

Som det går fram ligg tala for Stryn under fylkessnittet for 10.klassingane, medan vi ligg litt høgre enn fylket når det gjeld jenter i 8.klasse som nyttar alkohol

Alkoholbruk blant ungdom i vidaregåande skule

Årstal			2012
Kommune	Kjønn	Klassetrinn vg skule	
Sogn og Fjordane	Gutar	2	20
	Jenter	2	16
Stryn	Gutar	2	16
	Jenter	2	30

Tabell: Prosentdel som har drukke seg full meir enn ti gongar, 2. klasse vidaregåande skule.

Geografisk vart elevane registrert etter kva kommune dei har budd det meste av livet, ikkje etter kva skule dei gjekk på.

(Kjelde: Samhandlingsbarometeret, Prosjektet «Helse, miljø og livsstil i vidaregåande skule, 2012)

Det som er verdt å merke seg her er at vesentleg fleire jenter i 2.kl. på vidaregåande i Stryn nyttar alkohol enn snittet i fylket.



### Narkotika:

I Ungdomsundersøkinga for Sogn og Fjordane blir også kjennskap til bruk av narkotika kartlagt. Eitt av spørsmåla er: «Har du vener som har prøvd narkotiske stoff?».

I 2013 svarte tilsaman kring 15% av elevane på 10. trinn i Stryn « Ja, ein gong» eller «Ja, fleire gongar» på dette spørsmålet. Denne svarprosenten tilsvarer fylkessnittet.

Det er vanskeleg å tolke kor stort omfanget er utifrå ei slik spørsmålstilling. Det kan vere kun ein - som alle veit om - som har prøvd narkotika, «vennar» er veldig lite presist i høve alder.

Elevane i vidaregåande fekk meir direkte spørsmål relatert til eigen bruk: «Har aldri prøvd narkotiske stoff», funna der bør ein merke seg, av jenter i 2.klasse er det færre i Stryn enn i fylket som aldri har prøvd:

Årstal			2012
Kommune	Klassetrinn vg skule	Kjønn	
Sogn og Fjordane	2	Gutar	94
		Jenter	96
Stryn	2	Gutar	95
		Jenter	87

Tabell: Prosentdel elevar som aldri har prøvd narkotiske stoff. Geografisk vart elevane registrert etter kva kommune dei har budd det meste av livet, ikkje etter kva skule dei gjekk på.

(Kjelde: Samhandlingsbarometeret, Prosjektet «Helse, miljø og livsstil i vidaregåande skule, 2012)

### Legal omsetnad av alkohol lokalt:

Iflg. alkoholova skal alle sals- og skjenkestadar gje opp omsett vareliter alkoholhaldig drikk kvart år som grunnlag for fastsetting av alkoholavgift. Dette gjev oversikt over den legale alkoholomsetnaden i kommunen og gjer det mogleg å følgje lokal utvikling over tid.

### Omsett liter alkohol på skjenkestadar i Stryn 2000-2014:

År	Øl (gruppe 1)	Vin (gruppe 2)	Brennevin (gruppe 3)
2000	152.767	33.393	4.917
2005	112.759	20.777	3.292
2006	116.162	14.634	3.513
2007	109.123	27.441	3.604
2008	101.891	20.898	2.995
2009	102.945	19.566	2.571
2010	94.486	18.995	2.437
2011	82.987	21.524	2.108
2012	86.748	20.270	2.988
2013	81.304	22.467	3.011
2014	84.091	25.201	2.799

Omsetninga er fordelt på 30-32 verksemder med skjenkeløyve i Stryn kommune. I 2015 hadde 33 verksemder løyve til å skjenke alkohol gruppe 1 og 2 (øl og vin). 11 verksemder hadde i tillegg skjenkeløyve for gruppe 3 (brennevin).

Som det går fram er det ein del variasjonar opp og ned i omsetnaden. Det er grunn til å tru at noko av forklaringa har samanheng med variasjonar i turisttrafikken.

#### Omsett liter alkohol for sal av øl i butikk i Stryn 2000-2014:

År	Liter øl
2000	297.843
2005	387.085
2006	370.582
2007	374.441
2008	381.006
2009	409.642
2010	371.163
2011	367.751
2012	362.626
2013	324.518
2014	353.840

Omsetnaden er fordelt på 12-13 daglegvarebutikkar. Også her varierer omsetnaden ein del.

#### Vinmonopolet

AS Vinmonopolet etablerte seg med utsal i Stryn i september 2002. I oppstillinga nedanfor vert samanlikna med utsalet i Eid som har vore i drift lenger.

Eid har hatt ein jamn nedgang i perioden. Stryn har auka og stabilisert seg på 128 000 liter siste to åra.

Omsetning i 1000 liter

Kommune	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Stryn	0	29	103	105	108	107	108	113	120	120	119	122	129	128	128
Eid	173	154	127	122	135	132	130	127	130	130	133	130	128	127	123

### 3.3 Oversikt over sals- og skjenkeløyve i Stryn for perioden fram til 30.06.16

#### Skjenkeløyve i Stryn kommune per desember 2015:

Verksemd:	Type løyve		
	Gruppe 1 Øl til 4,7%	Gruppe 2 Vin under 22%	Gruppe 3 Brennevin 22-60%
Base Camp	*	*	
Briksdalsbre Fjellstove	*	*	
Bryggja Fiskerestaurant	*	*	*
Café Go`beten	*	*	*
Folven AS	*	*	*
Hjelle Hotell	*	*	*
Hotel Alexandra AS	*	*	*
Hotel Loenfjord AS	*	*	*
Isehaug Kafeteria	*	*	*
Jostedalsbreen Nasjonalparksenter	*	*	*
Kafé Sjøatunet	*	*	*
Karistova	*	*	*
Kjendalstova AS	*	*	
Loenvatn Feriesenter	*	*	
Matstova AS	*	*	
Mølla Gjestehus – Briksdal Adventure	*	*	*
Napoli Pizzeria	*	*	
Nygård Kro & camping	*	*	
Olden Cruise AS	*	*	*
Olden Fjordhotell AS	*	*	*
Pers Kafé	*	*	*
Restaurant 34 – Tre Gode Venner AS	*	*	*
Sande Camping	*	*	
Stiftelsen Singerheimen	*	*	*
Smak Kafe & Catering	*	*	*
Stryn Hotell AS	*	*	*
Stryn Kaffebar og Vertshus AS	*	*	*
Stryn Kulturhus	*	*	*
Stryn Vinterski – Briksdal Adventure	*	*	
Videseter Hotel AS	*	*	*
Viking Camping/Kro	*	*	
Visnes Hotel Stryn AS	*	*	*
Aabrekk Gard/Troll Bu	*	*	*
<b>Til saman</b>	<b>33</b>	<b>33</b>	<b>23</b>

I perioden 2012 - 2016 er

- 5 skjenkeløyve er avvikla: Stryn sommarski v/Buda AS, Stryn sommarski v/Basecamp, Nye Stryn Vertshus AS, Villa Visnes, Visnes Hotel.
- 6 nye løyve er innvilga etter hovudtildelinga i 2012; Matstova AS, Stryn Kaffebar og Vertshus, Stryn Vinterski- Briksdal Adventure, Visnes Hotel Stryn AS, Jostedalsbreen Nasjonalparksenter og Restaurant 34 – Tre Gode Venner AS. Stryn Sommerski hadde

godkjent skjenkeløyve for 2013 og 2014. Basecamp Stryn hadde godkjent løyve ved Stryn Sommerski sommaren 2015.

- Etter at det for perioden 2012 – 2016 vart opna for skjenking av alkoholgruppe 3 ved alle verksemdar med skjenkeløyve, har talet på skjenkestadar med brennevinsløyva auka frå 10 til 23.

#### **Salsløyver for øl i Stryn kommune per desember 2015:**

<b>Verksemdar:</b>
Buda AS, Hjelledalen
Bunnpris, Stryn
Coop Marked, Fjelli
Coop Vest BA, Olden
Matkroken Innvik
Sentrum Handel / Bunnpris , Olden
NG Kiwi Møre AS, Stryn
O.L. Brekke, Stryn
Rema 1000, Stryn
Sjøbua Mat, Utvik
W. Drageset, Loen
<b>Til saman 11 salsløyve</b>

Det har vore butikkjal av øl i Stryn kommune sidan september 1998.

I perioden 2012 - 2016 er 1 salsløyve avvikla: Coop Prix, Stryn.

Det er ikkje tildelt nye salsløyve i perioden.

## **4. MÅLSETTINGAR FOR STRYN KOMMUNE SIN RUSMIDDELPOLITIKK**

### **HOVUDMÅL**

Stryn kommune sin rusmiddelpolitiske handlingsplan bidrar til at:

- Nokre soner i livet og i samfunnet skal vere rusfrie, særleg område og tidspunkt der tilstellingar for barn, ungdom og familiar med barn er ei naturleg målgruppe for rekreasjon og sosialt samvær.
- Det vert ikkje servert rusmiddel i det offentlege rom, der det er lagt opp til at barn og familiar med barn skal ferdast.
- Innbyggjarane er medvetne om konsekvensar og skadeverknader av alkoholmisbruk og bruk av andre rusmiddel
- Langing frå vaksne og eldre ungdommar er ikkje eit problem i lokalsamfunnet
- Debutalderen for bruk av alkohol er høgare enn tidlegare.
- Totalforbruket av alkohol er redusert
- Bruk av narkotika er eit avgrensa problem i kommunen utan nyrekruttering.
- Det er gode system og kontroll med at alkohol vert omsett på ein forsvarleg og lovleg måte.

- Kommunen har eit kompetent og samordna hjelpeapparat for tidleg avdekking og god oppfylging og hjelp til misbrukarar, tidlegare misbrukarar og pårørande.

## 5. STRATEGIAR FOR Å NÅ MÅLA

- Redusere alkoholforbruket gjennom aktivt haldningsskapande arbeid og informasjon.
- Skape innsikt og forståing for at vaksne sitt forbruk og haldningar til alkohol påverkar barn og unge.
- Styrke forståinga for kor viktig alkoholfrie soner er for einskildmenneske og samfunn. Alkoholfrie soner vert definert til: arbeidslivet, under graviditet, ved idrett- og friluftsliv, under konflikter, i samvær med barn og unge, ved sorg og depresjonar, i skulen og i trafikken. Det skal særleg takast omsyn til barn og unge si deltaking.
- Nytte kommunen sin samarbeidsavtale med MOT-stiftinga: «Lokalsamfunn med MOT» som aktivt virkemiddel i det haldningsskapande arbeidet, der siktemålet er større sjølvtilit blant barn og unge for å ruste dei til å ta sjølvstendige val og å meistre ulike livssituasjonar utan bruk av rusmiddel
- Ansvarleggjere barn og unge både gjennom haldningsskapande arbeid og gjennom medråderett
- Regulere tilgangen på alkohol gjennom løyvepolitikken, og medverke til at løyvehavarane opptre ansvarleg og har god internkortroll for å sikre at regelverket vert fylgt til ei kvar tid.
- Avdekke misbrukarproblem så tidleg som råd og utvikle samordna og forpliktande oppfylging og iverksetting av hjelpetiltak i tett samarbeid med spesialisthelsetenesta.

## 6. TILTAK

	<b>6.1. Informasjon og haldningsskapande tiltak.</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Tidsfrist</b>
1	Grunnskulane i Stryn vidarefører planane sine for haldningsskapande arbeid og har kontinuerleg fokus på mobbeproblematikk og trivselsfremjande tiltak.	Rektorane	Kontinuerleg
2	Nytte aktivt dei hjelpemiddel som MOT-avtalen representerer for å prege positive haldningar blant ungdom og lokalsamfunn	Politisk og administrativ leiing Ungdomskontakten	Kontinuerleg
3	Vidareutvikle det systematisk haldningsskapande arbeid gjennom MOT-arbeidet, særskilt innretta mot ungdomsskulen og i samarbeid med frivilleg sektor.	Ungdomskontakten MOT-informatørane Rektorane	Kontinuerleg
4	Haldningsskapande arbeid på barnetrinnet gjennom med prosjekt som Zero, Zippys Venner eller Pals.	Rektorane	Kontinuerleg
5	Skule- og helsestasjonstenesta og ungdomskontakten er i aktiv dialog med skulen og med barn og unge om haldningar og takling av ulike spørsmål, m.a. konflikthandtering, bruk av rusmiddel m.m	Leiande helsesystemer Skulelegen  Ungdomskontakten	Kontinuerleg
6	Informasjonskampanjar skal i perioden ha fokus på å rusfrie soner, langing og debutalder	Helse- og sosialsjef Skule- og kultursjef	2016-2020
7	Informasjonstiltak overfor næringa for å sikre ansvarleg vertsskap med fokus på overskjenking	Helse- og sosialsjef	2016-2020

	<b>6.2. Rusfrie miljøtiltak.</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Tidsfrist</b>
1	Alle tiltak innretta på barn og unge som får kommunal stønad skal vere rusfrie	Ansvarlege for tiltaket	Fortløpande
2	Stryn kommunen skal stimulere til rusfrie tilbod og arrangement for ungdom i regi av organisasjonar, kommune og andre. Prioritert aldersgruppe 13-18 år	Alle kommunale faginstansar	Fortløpande
3	Prioritering av førebyggjande tiltak for barn og unge gjennom aktiv kulturpolitikk (ungdommens kulturmonstring, musikkbingen, kino- og kulturskuletilbod, gode nærmiljø og idrettsanlegg)	Kommunestyret	Gjennom budsjettvedtak og tilskotspolitikk
4	Alle kommunale arrangement for barn og unge under 18 år skal vere rusfrie		
5	Skjerpe vakthaldet ved rusfrie arrangement for ungdom, også utanfor festlokalet	Politi Helse- og sosialadministrasjon Ungdomskontakt	Kontinuerleg
6	Bidra til sikring av tilbodet ved Telegrafan ungdomskafe	Kommunestyret	Kontinuerleg

	<b>6.3. Andre tiltak.</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Tidsfrist</b>
1	Formalisert samarbeid mellom politi og kommuneleinga gjennom " <b>Politiråd</b> ", dvs. samarbeidsforum på strategisk nivå for trygt lokalsamfunn (etablert hausten 2007)	Ordførar Rådmann	Fortløpande
2	Tverrfagleg og tverr- etatleg <b>førebyggingsforum</b> skal halde seg oppdatert på nettverk, rus- og kriminalitetsmiljø blant ungdom i Stryn og ha ansvar for prioritering og samkøying av førebyggjande tiltak på tvers av fagetatar og frivillege organisasjonar.. Forumet er styringsgruppe for MOT-prosjektet Faste medlem: Barnevernleiar, avd.leiar kultur, repr. for skuleetaten, leiande helsesystem, repr. frå lensmannen, frå NAV og frå vidaregåande skule. Ungdomskontakten er sekretær.  Ulike samarbeidspartar t.d. frå Telegrafan, repr. frå ungdomsrådet, MOT-informatørar eller frivillege organisasjonar vert kalla inn ved aktuelle tema. Førebyggingsforumet lager årshjul med konkretisering av innsatsen og ein årsrapport for arbeidet, som vert lagt fram for politiske organ til bruk ved rullering av ØPL	Barnevernleiar (leiar)  Ungdomskontakt er sekretær og tilretteleggar	Fortløpande
	<b>Andre tiltak.</b>	<b>Ansvarleg</b>	<b>Tidsfrist</b>

3	Kommunen deltek i Ungdata eller andre sine undersøkingar for å skaffe solid kunnskap om livsstil og levekår blant ungdomen i kommunen / fylket /landet.	Folkehelsekoordinator Skulesjefen Samfunnsmedisinsk teneste	
4	Kommunen sitt ungdomsråd vert nytta som aktiv medspelar og ansvarleg representant for ungdomen for utvikling av eit godt ungdomsmiljø. Rådet disponerer ein fast budsjettsum til førebyggjande tiltak for ungdom som dei sjølv prioriterer.	Ordførar Ungdomskontakten Kulturavdelinga	Fortløpande
5	Ved opne arrangement /fest/dans for ungdom over 18 år i ungdomshus m.m., er det krav om å melde frå om arrangementet til politiet på førehand. Ungdomshusa vert oppmoda å presisere at det ikkje er høve til å drikke eller skjenke alkohol i lokalet utan at de skjer i lovlege former, dvs. ved kommunalt tildelt løyve for einskild høve.	Politirådet Ungdomskontakt	Fortløpande
6	Stilling som ruskonsulent vert prioritert som fast ressurs etter at det vert stogg i øyremerka tilskot for å sikre tilstrekkeleg koordinering og oppfølging av personar som slit med rusrelaterte vanskar og deira pårørande	Kommunestyret	Når aktuelt
7	Praktisk og økonomisk støtte til drift av ettervernsgruppe og pårørandegruppe vert prioritert	Ruskonsulent Sosialtenesta i NAV	Kontinuerleg
8	Matservering i sentrum etter stengetid på skjenkestadene er ikkje tillate.	Helse- og sosialutvalet	Kontinuerleg

## 7. LØYVEPOLITIKKEN

Føremålet med løyvepolitikken er å medverke til at alkohol vert omsett på ein lovleg måte i tillegg til å regulere tilgangen.

Kommunen sine oppgåver etter alkohollova av 2. juni 1989, seinare med endringar, har som føremål i størst mogeleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre.

Løyvetildelinga skal vere i tråd med retningslinene. Retningslinene for reaksjonar vert å nytte aktivt ved brot på alkohollova sine reglar og/eller reglar i skatte-, avgifts- og rekneskapslovgjevinga.

## 8. PLANEN SINE ØKONOMISKE KONSEKVENSR

Mange av dei tiltaka som er nemnde inngår i den ordinære kommunale drifta og er forpliktande for dei ulike etatane og fagfolka utan ekstra kostnader. Det går heller på prioritering og metode i arbeidet. Helse- og sosialbudsjettet har i 2016 kr. 66.000 til utan auke på mange år. Av dette går kr. 38.000 til MOT-prosjektet, medan skule- og kulturetaten dekkjer like stor sum.

Etter oppretting av stilling som ungdomskontakt frå 2005 ved hjelp av øyremarka psykiatritilskot, er ressursen for å drive generell rusførebygging og individuell oppfølging av ungdom som slit med rusproblem/psykiske vanskar vesentleg betra. Halv stilling som ungdomskontakt vart i 2011 organisatorisk flytta frå helse- og sosialetaten til kulturavdelinga og arbeidsoppgåvene er MOT-arbeid (koordinator-funksjon og MOT-informatør), sekretær for Politirådet og Førebyggingsforumet, oppfølging av UKS og anna ungdomsaktivitet i kulturavdelinga. Etter at stillinga ein periode vart avvikla grunna budsjettsituasjonen, vart den reetablert med 40 % st. Brutto kostnad ved stillinga er ca kr. 215 000 pr. år.

I tillegg yter kommunen tilskot på ca kr. 230 000 til løn for leiar i 50 % st. ved Telegrafan ungdomskafe.

Andre utgifter / satsing på førebyggjande barne- og ungdomstiltak går fram av kulturbudsjettet. I tillegg kjem eksterne prosjektmidlar /fondsmidlar som kulturavdelinga eller arrangørar kan søkje om, t.d. transportmidlar for ungdom, tilskot til ulike type arrangement. Kulturavdelinga engasjerer seg stadig i prosjekt til støtte for det rusfrie ungdomsmiljøet m.a. i samarbeid med UKS..

Ungdommens kommunestyre (UKS) disponerer dessutan årleg kr. 45 000 til førebyggjande barne- og ungdomstiltak der dei sjølve står for prioriteringa.

For oppfølging av sårbare målgrupper og einskildpersonar er dei ordinære tenesteytarane på banen: helsesystre, legetenesta, barneverntenesta, sosiale tenester i NAV, psykisk helsearbeidarteneste, PPT og ungdomskontakt. Samarbeid og samhandling med skular, SFO og barnehagar er viktig.

Kommunen har hatt ruskonsulent i NAV sidan 2009 med sikte på å utvikle gode arbeidsmetodar, tettare og betre samordna oppfølging av personar som slit med rusproblematikk. Kostnaden har heile tida vore dekkja av øyremarka statstilskot. Innsatsen har gjeve gode resultat med betra livskvalitet for mange personar og det er avgjerande viktig at stillinga vert fast etter at øyremarka tilskot vert avvikla. Brutto kostnad ved stillinga ligg på i overkant av kr. 600 000 pr år.

Behandling av rusmisbrukarar i institusjon er frå 2004 et ein statleg kostnad og den kommunale delfinansieringa er falt vekk. Kommunen har framleis ansvar for rehabilitering og omsorgstiltak. Samhandlingsreforma og etablering av rusposten på Eid, legg opp til enno meir aktivt samspel og forpliktande samarbeid mellom kommune og spesialisthelsetenesta i oppfølging av personar som slit med rus, ofte i kombinasjon med psykiske vanskar.

På slutten av 2015 er det i tillegg etablert eit akutteam ved Nordfjord psykiatrisenter (NPS) i samarbeid med Nordfjordkommunale om beredskap innafor rus/psykiatri heile døgnet. Formålet er å bistå legevakta og unngå uheldige akuttinnleggingar.

Regjeringa har varsla kommunalt ansvar frå 2017 for øyeblikkeleg hjelp døgnoophald og betalingsansvar for utskrivingsklare pasientar innafor rus og psykiatri, på lik linje med somatikken.



## 9. EVALUERING OG RULLERING AV PLANEN

Kommunen sin rusmiddelpolitiske handlingsplan vert å evaluere og rullere i samband med kvar ny kommunestyreperiode. For at nyvalde politikarar skal ha rimeleg tid til å utforme «sin» alkohollpolitikk, vert ny plan gjort gjeldande f.o.m. 01.10 året etter kommunevalet.

I det fylgjande er oversikt over:

- Definisjon av alkoholhaldig drikk
- Retningslinjer for tildeling av sals- og skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk i Stryn kommune i perioden 2016 - 2020.
- Retningslinjer for kontroll med sals- og skjenkeløyve i Stryn kommune
- Retningslinjer for reaksjon ved overtreding av alkohollova sine reglar m.m.

## 10. DEFINISJONAR I ALKOHOLLOVA.

### Alkoholhaldig drikk

Alkoholhaldig drikk er etter alkohollova definert som fellesnemning for drikk som inneheld meir enn 2,5 volumprosent alkohol, likevel slik at aldersreglane (for sal, skjenking og kjøp) også omfattar drikk mellom 0,7 - 2,5 volumprosent alkohol.

1. juli 2005 kom det ein del endringar i alkohollova og i forskrift til lova, m.a. endringar knytt til løyvesystemet for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk. Inndelinga i øl, vin og brennevin vart endra til ei inndeling som er basert på alkoholinnhald målt i volumprosent.

Alkoholhaldig drikk med same alkoholstyrkje vert handsama likt utan omsyn til tilverking, og regelverket for sal og skjenking er no inndelt i gruppe 1, 2 og 3:

- Gruppe 1 - Drikk som inneheld over 2,5 og høgast 4,7 volumprosent alkohol  
Gruppe 2 - Drikk som inneheld over 4,7 og mindre enn 22 volumprosent alkohol  
Gruppe 3 - Drikk som inneheld mellom 22 og 60 volumprosent alkohol

Inndelinga er også gjennomført for aldersgrensene slik at aldersgrensa for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk i gruppe 1 og 2 er 18 år, og 20 år for kategori 3.

Definisjonen av brennevin vert oppretthalden då det knyter seg ein del særreglar til den. Einkvar drikk som inneheld 22 volumprosent alkohol eller meir vert rekna som brennevin.

### Sal- og skjenketider i alkohollova.

	Normaltider	Maksimaltider
<b>Salsløyve</b> for øl/ opptil 4,7%		
* Kvardagar	08.00 – 18.00	08.00 – 20.00
* Dagar før søn/helligdagar og Kr.h.fartsdag.	08.00 – 15.00	08.00 – 18.00
* Søn/helligdag, 1. og 17.mai.	Forbod	Forbod
<b>Skjenkeløyve:</b>		
* Øl og vin (gr. 1 og 2)	08.00 – 01.00	06.00 – 03.00
* Brennevin (gr 3)	13.00 – 24.00	13.00 – 03.00

# 11. RETNINGSLINER FOR TILDELING AV SALS – OG SKJENKELØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK I STRYN KOMMUNE 2016 – 2020.

## 11.1 SØKNAD OM LØYVE

Stryn kommune vidarefører ordninga med løyveperiode for inntil 4 år av gongen og at denne føl kommunestyreperioden. Søknader om sal- og skjenkeløyve vert handsama etter at kommunestyret har vedteke retningslinjer for løyvepolitikken og gjeld difor fram til 30.09. året etter at nytt kommunestyre trår i funksjon.

Uttale frå politiet vert innhenta før helse- og sosialadministrasjonen førebur søknaden for politisk handsaming. Kommunen kan innhente uttale frå skatte-, avgifts- og rekneskapsmynde, samt frå andre etatar og organisasjonar.

Søklar må nytte søknadsskjema for løyve i Stryn kommune. Eit skjema som er tilpassa krav i alkohollova og kommunale retningslinjer.

Alle søknader vert vurdert individuelt og skjønnsmessig med utgangspunkt i alkohollova og dei kommunale retningslinjene for løyvetildeling.

Ved tildeling av løyve vert det lagt vekt på om søklar vert vurdert eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Det vert teke omsyn til evt. tidlegare dårleg røynsle med søkjaren si utøving av løyve, t.d. i form av:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenke- og aldersreglane.
- endring av driftskonseptet utan godkjenning.
- klanderverdige ordensmessige tilhøve ved verksemda
- brot på reklamereglane
- at verksemda leverar oppgåve over omsetnad innafor gjeldande fristar

Både sals- og skjenkeløyve vert tildelt for eit særskilt driftskonsept og er knytt til definert lokale og eigartilhøve (den eller dei som til ei kvar tid eig verksemda). Dersom det skjer vesentlege endringar på eit av desse punkta, er løyvehavar pliktig å søkje ny godkjenning. Det er løyvemyndet som avgjer om endringa er vesentleg.

Det er ikkje lov å utøve eit løyve utan at styrar og avløysar kan dokumentere at dei har greidd kunnskapsprøva etter alkohollova.

Det er eit krav at personalet som arbeider med sal- og skjenking av alkoholhaldig drikk er edru når dei er på arbeid.

Ein føresetnad for å få skjenkeløyve, er at verksemda har serveringsløyve.

## 11.2 RETNINGSLINER FOR SAL AV ALKOHOLHALDIG DRIKK GRUPPE 1 TIL FORBRUKAR

- a) Stryn kommune tillet sal av alkoholhaldig drikk gruppe 1 med inntil 4,7 volumprosent alkohol i daglegvarebutikkar og i spesialbutikk for øl.
- b) Det er ein føresetnad at utsalsstaden er registrert hos Mattilsynet
- c) Retningslinjer for tildeling av salsløyve:
- Verksemdar som i hovudsak vert vurdert som kiosk eller bensinstasjon vert ikkje tildelt salsløyve. I tvilstilfelle vert kravd oppgåve over omsetning for å avklare t.d. om drivstoff eller daglegvarer er hovudinntekt.
  - Salsløyve for øl vert knytt til eit definert salsareal og eit konkret driftskonsept.
  - Det er krav om at butikken har variert utval av alkoholsvake drikkevarer.
  - Det vert lagt stor vekt på korleis søkjar kan sikre at alkoholhaldig drikk ikkje er tilgjengeleg for forbrukar utanom kommunen sine vedtekne salstider for alkohol.
  - Det er eit krav at det er eit fysisk klart skilje mellom drikk med og utan alkohol.
  - Det vert lagt vekt på at søkjar har gode rutinar rundt salet m.o.t. overhalding av aldersgrense på kjøpar og seljar, kontroll med salet, opplæring av tilsette og handheving av regelverket for sal av alkoholhaldig drikk. Unntaksvis kan det verte stilt krav om sal over disk.
  - Det vert ikkje opna for utkøyring av alkohol til kundar.
- d) Salstid for alkoholhaldig drikk gruppe 1:
- |                             |   |
|-----------------------------|---|
| Kvardagar                   | kl. 08.00 – 20.00                                       |
| Dagen før søn- og helligdag | kl. 08.00 – 18 00 (ikkje dag før Kristi Himmelfartsdag) |
- e) Sal av alkoholhaldig drikk er ikkje tillate på søn- og helligdagar, 1. og 17. mai.

## 11. 3 SALSLOEYVE TIL AS VINMONOPOLET

Det er berre AS Vinmonopolet som kan få løyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent alkohol. AS Vinmonopolet er som andre salsstadar avhengig av kommunalt løyve. Løyvet føl kommunestyreperioden og gjeld inntil 4 år.

Føresetnaden for salsløyve til AS Vinmonopolet er at kommunen også har salsløyve for anna alkoholhaldig drikk i kommunen.

I tillegg til å ta stilling til salsløyve, er det kommunen som godkjenner lokalet og evt. ordning med sjølvbetjent utsal.

Det er departementet som fastset opningstida for AS Vinmonopolet.

Desse er frå kl. 8.30 – 18.00 på kvardagar og til kl. 15.00 på dagar før søn- og helligdagar (m/unntak av Kristi Himmelfartsdag). Dersom kommunen har vedteke kortare salstid for alkoholhaldig drikk i butikk må AS Vinmonopolet tilpasse seg desse.

Det er forbod om sal på søn- og helligdagar, julaftan, 1. og 17. mai.

AS Vinmonopolet har hatt kommunalt salsløyve for for sjølvbetjent utsal i Stryn sentrum sidan september 2002. Vinmonopolet har søkt om salsløyve for perioden 2016-2020 .

Stryn kommune har ikkje fatta vedtak om kortare opningstider enn det som går fram av alkohollova.

Opningstidene er for tida:	Måndag, tysdag, onsdag	kl. 10.00 – 17.00
	Torsdag, fredag	kl. 10.00 – 18.00
	Laurdag	kl. 10.00 – 15.00

#### **11.4. SKJENKELØYVE**

Stryn kommune regulerer ikkje skjenkeløyve med eit tak, men ved fylgjande føresetnader for tildeling utover retningslinene sitt punkt 1:

- a) Ved tildeling av ordinære skjenkeløyve vert det ikkje stilt andre krav til driftsform for skjenking av brennevin enn for øl og vin. Det vert likevel ikkje tildelt brennevinsløyve til verksemder med ein utprega ungdomsprofil.
- b) Det er ein føresetnad at skjenkestaden har gyldig serveringsløyve (jf m.a. krav om etablerarprøve m.m.) og er registrert hos Mattilsynet
- c) Det vert lagt vekt på eigenskapar ved serveringsstaden som “standard”, “miljø” og særpreg. Likeeins utforming av lokala, interiør, utstyr o.l.
- d) Det vert til vanleg ikkje tildelt ordinært skjenkeløyve til stader som er lokalisert i eller ved typiske bustadområde.
- e) Det vert lagd vekt på målgruppe, trafikk- og ordensmessige omsyn og lokalmiljøet elles. Møteplassar for born og unge skal skjermast.
- f) Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til kiosk, bensinstasjon eller gatekjøkken.
- g) Ved evt. skjenkeløyve til verksemder knutt til mosjons- og idrettsaktivitet som har barn/barnefamiliar som viktig målgruppe, er det føresetnad med eige serveringslokale utan skjenking.
- h) Det vert ikkje gjeve skjenkeløyve til kafeteria i ope butikklokale (må i tilfelle vere fysisk skilt og ha eigen inngang).
- i) Stryn Kulturhus kan med visse restriksjonar få ordinært skjenkeløyve for sitt kafeareal inne og ute.

Skjenking av alkohol vert ikkje tillate i samband med:

- Kino
- Barneteater
- Tilstellingar i skuleregi
- Arrangement for barn og ungdom
- «Heimskringla»-lokalet
- Starttidspunkt for skjenkeløyve kl. 18.00.

Ved søknad om ambulerande løyve eller løyve ved einskilthøve, er det høve til å utvide skjenkearealet.

- j) Det vert lagd stor vekt på at søkjar kan dokumentere god kontroll med utskjenking i lokalet til ei kvar tid, og på at det er etablert pålitelege rutinar for handheving av offentlege eller egne fastsette aldersgrenser.  
Politiet kan ut frå konkret vurdering krevje at serveringsstaden har ordensvakter (jfr. lov om vaktvirksomhet)
- k) Utandørs skjenkeareal kan godkjennast dersom arealet er klart avgrensa og ligg i naturleg tilknytning til skjenkeareal innandørs.
- l) Skjenking av sterkøl er ikkje tillate for andre enn dei som har brennevinløyve, men løyvet gjeld ikkje i lokale for /eller i arrangement retta mot ungdom.
- m) Serveringsstader med online spelesystem (t.d. for hestevaddeløp) får ikkje skjenkeløyve.
- n) Økonomi skal i seg sjølv ikkje vere avgjerande for tildeling av skjenkeløyve.

## 11.5 SKJENKETIDER FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK

- a) Verksemdar med ordinære skjenkeløyve i Stryn har fylgjande skjenketid for alkoholhaldig drikk gruppe 1, 2 og 3:

	<b>Gruppe 1 og 2</b>	<b>Gruppe 3, brennevin</b>
Søndag - torsdag	kl. 08.00 - 01.00	kl. 13.00 – 01.00
Fredag, laurdag og dagar før bevegelege helge- og høgtidsdagar	kl. 08.00 - 02.00	kl. 13.00 – 02.00

Hotell kan for avgrensa og definert areal få utvida skjenketid for gruppe 1,2 og 3 til kl. 02.30

- b) Nyttårsafta vert skjenketida for gruppe 1, 2 og 3 utvida til kl. 02.30.
- c) Romjula, dvs 26., 27., 28., 29. og 30. desember og påskeveka frå palmesøndag til 2. påskedag vert skjenketida for gruppe 1, 2 og 3 utvida til kl. 02.00. Utvida skjenketid gjeld uansett kva veke dag desse datoane fell på.
- d) Konsum av utskjenka alkohol må opphøyre seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

## 11.6 AMBULERANDE LØYVE TIL SLUTTA LAG

- a) Stryn kommune har ambulerande løyve for tildeling ved skjenking til slutta lag.

- b) Ambulerande løyve til slutta lag kan gjelde skjenking av alkoholhaldig drikk både i gruppe 1, 2 og 3.
- c) Når skjenking til slutta lag skal skje på stader med serveringsløyve, er det eit krav at både innehavar av serveringsløyvet og initiativtakar til det slutta laget skriv under på søknaden om ambulerande løyve. Ved elektronisk søknad er namn på begge partar tilstrekkeleg.
- d) Det må dokumenterast at arrangementet fyller krava til slutta lag. Tolkninga av kva som er slutta lag vert vurdert strengt. Slikt løyve vert først og fremst gjeve til selskapslokale. Søkjar må dokumentere at arrangementet gjeld ei på førehand etablert gruppe personar. Gruppa må ha tilknytning til den som inviterer til selskapet og til kvarandre.
- e) Søkjarfristen for ambulerande løyve er seinast 14 dagar før arrangementet finn stad. Namneliste over deltakarane skal leverast kommunen seinast 1 veke før avvikling av arrangementet.
- f) Det er ikkje trong for å søkje ambulerande løyve til reint private selskap i leigde lokale når utleiger ikkje har serveringsløyve, t d grendahus. Private selskap er avgrensa til å gjelde bryllaup, årsmålsdagar, slektstreff og andre jubileum for privatpersonar. Det er ein føresetnad at skjenkinga i slike høve skjer vederlagsfritt.
- g) Skjenketida for ambulerande løyve fylgjer dei ordinære reglane, jf. Kap. 4
- h) Det er i utgangspunktet ikkje høve til å servere alkohol i privat eller offentleg regi på grunnskular eller i kombinerte anlegg for skule og andre formål. I kombinerte anlegg kan det i særskilte høve gjerast unnatak når desse anlegga vert nytta til sosiale og kulturelle formål utanom skuletid. (Jf opplæringslova § 9-5.)

## 11.7 SKJENKELØYVE FOR EINSKILT HØVE.

Det kan gjevast løyve til skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 1 og 2 ved einskilt høve til arrangement i t.d. grendehus og idrettshallar.

Rådmannen har delegert mynde til å fatte vedtak om løyve for einskilthøve jfr punkt 11.8.

Det gjeld td. søknad frå lag og organisasjonar ved arrangement i ungdomshus/grendahus og idrettshallar for alkoholgruppe 1 og 2.

Søknad om løyve må ligge føre seinast 1 mnd på førehand for å vere sikra handsaming i tide. Politiet skal uttale seg til søknaden.

Retningslinjer for tildeling av løyve for einskilt høve

- Bygdefester i t.d. grende- og ungdomshus.
- Dans/revyar i idrettshallar/stortelt m.m., evt. i tilknytning til serveringsverksemder
- Tilstellingar i privat eller offentleg regi i kombinerte anlegg for skule og andre formål, ved sosiale og kulturelle føremål utanom skuletid.
- Personar/verksemder som ikkje har tilknytning til kommunen eller arrangementet får ikkje tildelt skjenkeløyve ved einskilthøve.

## 11.8 DELEGASJON

- a) Tildeling av ordinære sal- og skjenkeløyve  
Helse- og sosialutvalet har delegert mynde til å innvilge ordinære sal- og skjenkeløyve etter vedtekne retningslinjer.
- b) Helse- og sosialutvalet har tilsvarande delegert mynde til å inndra løyve i medhald av kommunale retningslinjer.
- c) Rådmannen har delegert mynde til å innvilge søknad om skjenkeløyve ved einskilthøve. Søknader av prinsipiell art skal likevel opp i helse- og sosialutvalet for vedtak.
- d) Rådmannen har delegert mynde til å innvilge ambulerande løyve til slutta selskap.
- e) Rådmannen har delegert mynde til å avgjere søknad om avvik frå skjenketidene.
- f) Rådmannen har delegert mynde til å avgjere søknad om utvida skjenkeareal for eit enkelt høve.
- g) Rådmannen har delegert mynde til å godkjenne ny styrar og avløyssar for tildelte løyve.
- h) Rådmannen har fullmakt til kvart år å vedta sals- og skjenkeavgift for den einskilde løyvehavar i medhald av alkohollova kap. 11.

## 11.9 AVGIFTER

- Skjenkeavgifta for ambulerande løyve til slutta lag føl statlege retningslinjer, p.t. kr. 340,- per gong.
- Skjenkeavgift for skjenkeløyve ved einskilthøve får ei todeling.  
Avgift for skjenkeløyve ved einskilthøve til større arrangement vil frå 01.07.16 følgje statlege satsar, pt kr 4.800,-. Med større arrangement er meint festivalar, dansegalla m.m. Det kan vere arrangement som går over fleire dagar som har stort kundegrunnlag og lang skjenkeperiode.  
Avgift kr. 1000.- vert ilagt ved mindre arrangement. Dette vil vere arrangement for ein dag/kveld, utviding av eksisterande skjenkeareal eller utviding av eksisterande løyve til sterkare alkoholgruppe.
- Avgift for ordinære sals- og skjenkeløyve fylgjer statleg forskrift til alkohollova og vert fastsett i høve omsett vareliter for ulik type alkohol. Kommunen krev at løyvehavar innan fastsett frist leverar revisorattestert oversikt over volum alkoholhaldig drikk som er selt eller skjenka ut føregåande år, med spesifisering av liter alkohol i gruppe 1, 2 og 3.
- Dersom slik dokumentasjon ikkje vert levert innan fristen, vert løyvet automatisk inndrege for 4 veker.
- Dersom ilagt avgift ikkje vert betalt innan 3 veker etter at krav er sendt ut, vert løyvet inndrege til betaling skjer.
- Ny løyvehavar får avgifta fastsett ved skjønn fyrste året.

## **11.10 KONTROLL**

Kontroll med sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skjer i medhald av alkohollova sine forskrifter, samt egne retningslinjer for sals- og skjenkekontrollen. Kommunen kjøper teneste frå profesjonelt kontrollfirma

## **11.11 REAKSJON VED BROTT PÅ ALKOHOLLOVA SINE REGLAR M.M.**

Ved brott på alkohollova eller andre reglar som har nær samanheng med alkohollova sitt føremål, samt skatte-, avgift- og rekneskapsreglar, skal reaksjon skje i samsvar med vedtekne kommunale retningslinjer.

## **12 RETNINGSLINJER FOR KONTROLL MED SALS- OG SKJENKELØYVE I STRYN KOMMUNE.**

1. Den praktiske kontrollen med sal og skjenkeløyve vert utført av innleigd selskap p.t. Trygg 24 AS.
2. Kontrollen vert utført i samsvar med forskrift om kommunal kontroll. Det skal vere minimum 1 kontroll per år på kvar løyvestad men det totale talet på kontrollar skal vere tre gongar talet på skjenkestadar. Skjenkestader med stort besøkstal, sals- og skjenkestader der ein har mistanke om at drifta ikkje er i tråd med regelverket og typiske ungdomstader skal ha hyppigare kontroll, særleg i sommarhalvåret.
3. Administrasjonen skal legge stor vekt på opplæring og rettleiing av løyvehavarane. Kvart år vert å arrangere møte evt. kurs for løyvehavarane for rettleiing og informasjon. Det vert forventet deltaking frå næringa. Målsetjinga er at omsetnad av alkohol skal skje i samsvar med regelverket og på ein slik måte at alkoholpolitiske og sosiale omsyn vert ivaretekne.
4. Sals- og skjenkekontrollen skal særleg føre kontroll med:
  - Skjenketid / salstid
  - sal og skjenking til mindreårige
  - alder på den som sel og serverer alkohol
  - overskjenking
  - sal og skjenking av andre alkoholvarer enn det løyvet omfattar
  - tilbod om alkoholsvake og alkoholfrie drikkevarer
  - sal og skjenking utanfor godkjent lokale
  - manglande internkontroll og rutinar ved løyvestaden
  - manglande opplæring og kunnskap internt i verksemda
  - ulovleg reklameverksemd for alkohol
  - at godkjent styrar og avløyssar er dei som har det reelle daglege ansvaret for utøvinga av løyvet
  - at driftskonsept og areal er i samsvar med tildelt løyve
  - generell orden



- at særskilte krav for løyvet vert oppfylt
  - at det ikkje skjer ulik type diskriminering på løyvestaden
  - evt. andre tilhøve som vedkjem anna lovverk (t.d. støy, hygiene, brann, røyking, skal i tilfellet meldast til aktuell ansvarleg faginstans)
5. Ved kontrollbesøk skal kontrolløren alltid presentere seg for ansvarshavande og munnleg legge fram dei avvik som er avdekkja under besøket.  
Kontrolløren skal vere utstyrt med bevis på kontrollfunksjonen.
  6. Kontrolløren utarbeider ein skriftleg rapport etter kontrollbesøka.  
Seinast 1 veke etter at kontrollbesøket er føreteke skal rapporten sendast til løyvehavar som får ein frist på 2 veker til å kome med sine synspunkt på rapporten.
  7. Administrasjonen skal greie ut saka og lage tilråding til reaksjon så snart det let seg gjere.
  8. Administrasjonen sitt framlegg til sanksjon vert sendt løyvehavar som eit skriftleg varsel om tilrådd som sanksjon. Løyvehavar har 2 vekers frist på å kome med synspunkt.
  9. Administrasjonen skal lage årsmelding for kontrollarbeidet, m.a. med oversikt over talet på kontrollar og type vedtak som er gjort, samt påpeike utvikling, problemområde o.l.  
Årsmeldinga vert å handsame i helse- og sosialutval med kopi til formannskapet.

### **13 RETNINGSLINER FOR REAKSJON VED OVERTREDING AV ALKOHOLLOVA SINE REGLAR M.M.**

Ved overtreding av alkohollova eller andre reglar som har nær samanheng med alkohollova sitt formål, eller reglar i skatte-, avgifts- og rekneskapsreglar, kan fylgjande moment verte vektlagd:

- type overtreding
- kor grov overtredinga er
- om løyvehavar kan verte klandra
- om tidlegare praktisering av løyvet

Reaksjonar ved overtreding kan vere:

- gje råd og rettleiing
- gje skriftleg åtvaring
- prikktildeling
- inndra løyvet for ein bestemt periode
- inndra løyvet for resten av løyveperioden

Alkoholforskrifta § 10-3 har opplisting over overtredingar og kva prikktildeling dette kan medføre. Prikktildelinga varierer mellom 1-8 prikkar. Det kan føreligge formildande og skjerpande omstende for ei overtreding. Ved utmåling av prikkar i kvart tilfelle skal ein ta omsyn til dette. Dersom løyvehavar blir tildelt 12 prikkar i løpet av ein periode på 2 år, skal løyvet inndragast for ei veke.

Vilkåra for å få tildelt sals- eller skjenkeløyve skal vere oppfylt heile løyveperioden. I motsett fall kan løyvet verte inndrege.

Løyve kan verte inndrege dersom løyvehavar ikkje har god vandel i høve skatte- og avgiftslovgjevinga (t.d. manglande innsending av sjølvmelding eller mangelfull rekneskapsføring, manglande oppgåver/innsending av meirverdiavgift eller skattetrekk)

Løyve vert automatisk inndrege inntil pålagt avgift er betalt, dersom avgifta ikkje vert betalt innan fristen (så sant det ikkje er på gang klagesak som gjeld ilagt avgift).

Løyve som ikkje har vore nytta i 1 år kan verte inndrege.

Inndraging av alkoholløyve er eit drastisk tiltak med ekstra strenge krav til kommunen si sakshandsaming og utøving av skjønn.